

---

**Fra:** Tveit Vigdis <vigdis.tveit@vegvesen.no>  
**Sendt:** onsdag 10. januar 2018 10.53  
**Til:** Postmottak Meland  
**Emne:** Svar til varsel om oppmålingsforretning - Gnr. 5 bnr. 3 i Meland kommune - Saksnr. 20172996

Vi viser til motteke varsel om grensegang på gnr.5 bnr.108 og arealoverføring frå bnr.3, i Meland kommune.

Vi får opplyst at matrikkelkartet er feil når det ser ut som at grense for bnr.108 er oppmålt tidlegare.

Vi har ingen ervervsdokument på staden, noko som tilseier at vegen ikkje har vore nemneverdig endra sidan den vart etablert. Vegbreidda er også om lag slik avleveringsprotokoll for strekninga seier. Vegbilder på staden viser at eigedomen ligg på toppen av ei høg skjering. Slikt areal er normalt ubrukeleg for grunneigar, og vegvesenet sitt ansvar å rydde ved eventuell fare for steinsprang og anna. På bakgrunn av ovannemnde vil vi derfor forutsette at eksisterande veggrense er sett på toppen av denne skjeringa.

Vi ser også at det er sett eit gjerde på toppen av skjeringa. Vi vil forutsette at dette har blitt sett opp i den aktuelle avgrensinga mellom ubrukeleg skjering og flatare areal, og vil anbefale at dette vert å rekne som eksisterande grense mellom veggrunn og privat grunn. I nordre ende av eigedomen blir skjeringa lågare, og grensa vil der kunne følge toppen av skjeringa, og dermed noko nærare vegen.

Vi har dessverre ikkje nok mannskap til å kunne møte på forretninga. Dersom grunneigar er ueinig i vår tolking av terreng og historikk, må vi få beskjed om dette slik at vi kan prøve å finne ei løysing.

Med helsing  
Vigdis Tveit

**Seksjon:** Egedomsseksjonen  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER  
**Kontoradresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN  
**Telefon:** +47 55516208 **Mobil:** +47 99575634 **e-post/Lync:** [vigdis.tveit@vegvesen.no](mailto:vigdis.tveit@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?